



# Reglement for bruk av ordførarkjede

1. Intensjonen er at ordførarkjeda skal symbolisere verdigheita til kommunen sin fremste representant i utøvinga av gjerninga som ordførar i høgtidelege samanhengar, både i og utanfor kommunen, som t.d.:
  - a) Mottaking i kommunal regi
  - b) Middagar og andre tilstellingar der kommunen er vertskap
  - c) Innviing av offentlege anlegg når ordføraren står for innviinga
  - d) Opning av større møte, kongressar og liknande der ordføraren representerer Fjord kommune
  - e) Overrekking av offisielle utmerkingar / heidersteikn
  - f) Offisielle besøk av kongelege personar, medlemmar av regjeringa, og dessutan ev. besøk av utanlandske statsoverhovud og regjeringsmedlemmar
  - g) 17. mai-arrangement der ordføraren representerer Fjord kommune
  - h) Vigsel
2. Kjeda skal ikkje bli brukt i ordinære kommunestyremøte.
3. Kjeda kan berre bli brukt av den valde ordførar / varaordførar.
4. Kjeda skal bli brukt og bli overrekt ved skifte av ordførar.
5. Kjeda skal normalt ikkje blir brukt saman med dekorasjonar, heidersteikn, medaljar, uniform, utmerkingar o.l. Dette gjeld òg andre jakkeslagmerke eller anna som kan virke forstyrrende.
6. Kjeda skal bli brukt utanpå fint og korrekt antrekk og skal normalt ikkje bli bore utanpå ytterkle.
7. Kjeda skal berre bli brukt internt i eigen kommune. Skal kjeda bli brukt i ein annan kommune, skal dette bli avtalt med den aktuelle kommunen på førehand.
8. I tillegg gjeld skjøn.
9. Varaordførar kan bruke ordførarkjeda etter dette reglementet når han/ho fungerer for ordføraren.

*Dette reglementet er vedtatt av Fjord kommunestyre i møte 11.03.2021, sak 18/21.*